



Snøraset i Ulvanoso like ved tunet i Friheim er godt synleg i landskapet. Store snømassar ligg på elvekanten.

**For to veker sidan gjekk det eit større snøras i Kolkjeredalen i Ulvanoso, nokre hundre meter sør for tunet i Friheim. For fire veker sidan gjekk det snøras i Englafjell, på plassen heimra Raunedokki på Døssland. Begge rasa er godt synelege i landskapet.**

Raset i Kolkjeredalen er ikkje mellom dei største. Sigmund Myklebust syner til raset på 1990 talet på same plassen då snø- og steinmassar gjekk ut i elva og laga problem med gjennomstrøyminga.

Denne gongen gjekk raset også ut i elva, men i mindre omfang. Det var i åtte tida på kvelden. Familiane, som bur i husa i Friheim, merka godt raset. Det kasta stein like bort i vegen sørom tunet. Snøskya stod like bort til husa og det vart kvitt på vindaugo.

Raset i Englafjell gjekk i heimra Raunedokki på Døssland, visa vi idrettsplassen på Heio. Raset gjekk like ned på Klyperindo. Trygve Haugland fortel at det ikkje er fyrste gongen det går ras i Raunedokki. Nokre gonger har det lagt igjen mykje jord, stein og mindre skog.

Han kan også minnast snøras i Limommen der ein har merka snøskya like bort til tunet på Haugland.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



I heimra Raunedokki gjekk det snørás for fire veker sidan. Raset gjekk like ned på Klyperindo.